



PROTOKOLL FOR UTVAL FOR LEVEKÅR

Møtenr.: 4
Møtedato: 03.06.2026
Tidspunkt: 14:00 - 16:00
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

	Desse møtte
AP	Anita Stokdal
H	Bente Hamre Larsen
KRF	Bjørghild Underhaug
KRF	Kjetil Hustoft
SP	Nils Martin Sikveland
SP	Ranveig Undheim

	Forfall		Som vara møtte
FRP	Elida Salte-Sagici	FRP	Mette Monsen
H	Svein Bø	H	Randi Kluge Vatne
V	Sondre Undheim Lokøy	V	Nina Nygård Magnussen

Frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjefane Pamela Sudmann og Britt Ellinor Scott, verksemdleiar Odd Ivar Nese og utvalssekretær Karina A. Haugland.

Saklista vart godkjent med sak 030/26 først i møtet.

Orienteringar:

- Informasjon om Jæren symfoniorkester v/styreleiar Liv Tjemsland.
- Digital praksis i Oppvekst /IKT rådgjevar Asbjørn Hjørnevik.

Bryne, 03.06.2026

Bjørghild Underhaug
utvalsleiar

Karina Arntzen Haugland
utvalssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
026/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
027/26	FELLES UNGDOMSSKULE FRØYLAND ORSTAD PÅ FRØYLAND
028/26	KULTURMILJØPLAN 2026-2036
029/26	REVISJON AV FLAGGREGLEMENTET FOR TIME KOMMUNE
030/26	ENDRING AV VEDTEKTER JÆREN SYMFONIORKESTER
031/26	FELLES KOMMUNALT HJELPEMIDDELLAGER PÅ TU
032/26	REFERATSAKER

026/26 : Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren si innstilling

Protokoll frå møte 22.04.2026 vert godkjent.

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 026/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 22.04.2026 vert godkjent.

027/26 : Felles ungdomsskule Frøyland Orstad på Frøyland

Kommunedirektøren si innstilling

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utarbeida forslag til vertskommuneavtale mellom Time og Klepp kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland. Saka vert lagt fram for politisk handsaming i første møterekke over sommaren.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet stiller seg positivt til delt ungdomsskule med Orstad.

Forslaget vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 020/26 Vedtak:

Ungdomsrådet stiller seg positivt til delt ungdomsskule med Orstad.

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 027/26 Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utarbeida forslag til vertskommuneavtale mellom Time og Klepp kommune om felles ungdomsskule på Kvernaland. Saka vert lagt fram for politisk handsaming i første møterekke over sommaren.

028/26 : Kulturmiljøplan 2026-2036

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Time kommunestyre vedtek Kulturmiljøplan for Time kommune 2026-2036 som temaplan.*
2. *Tiltak i handlingsprogrammet skal vurderast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.*

Utval for levekår

Forslag frå **Nils Martin Sikveland (Sp)**

Alle omsynssonar i planen vert fjerna.

Forslaget frå Nils Martin Sikveland fekk 3 røyster og fallt (2 Sp, FrP).

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 028/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre vedtek Kulturmiljøplan for Time kommune 2026-2036 som temaplan.*
2. *Tiltak i handlingsprogrammet skal vurderast årleg i samband med økonomiplanarbeidet.*

029/26 : Revisjon av flaggreglementet for Time kommune

Kommunedirektøren si innstilling

Time kommunestyre godkjenner forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå **Oddmund Gravdal (P)**

Det norske flagget er eit samlande symbol for alle i kommunen. Det bør difor ikkje opnast for bruk av andre flagg på skulane. § 4.3 b går difor ut.

§ 4.3 b: Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 5 røyster medan 3 røysta for Oddmund Gravdal sitt forslag (Oddmund Gravdal, Bitsuamlak Habte Mehari, Rannveig Undheim (8 røyster).

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

SBR - 022/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet stiller seg bak *forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.*

Men leiinga og elevråda ved skulane avgjer om det skal flaggast med regnbogeflagg. Det må presiserast at det skal vera upolitisk, med fokus på inkludering og mangfald.

Forslaget vart samrøystes vedtatt (10 røyster).

UNG - 021/26 Vedtak:

Ungdomsrådet stiller seg bak forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026.

Men leiinga og elevråda ved skulane avgjer om det skal flaggast med regnbogeflagg. Det må presiserast at det skal vera upolitisk, med fokus på inkludering og mangfald.

Utval for levekår

Forslag frå **Mette Monsen (FrP)**

Fjerne punkt 4.3 b) Pride-flagg på skolene

Pride og retten til å elske hvem man vil, og bli møtt med respekt for den man er, er viktige verdier.

Samtidig opplever mange skeive at sakens kjerne blir overskygget av politiske krav og debatter knyttet til foreningen FRI, som flere mener går utover det Pride opprinnelig skulle handle om.

Respekten for homofile, lesbiske og andre skeive drukner i konflikter som skaper mer splittelse enn forståelse. Nå ser vi rundskriv og underskriftskampanjer fra innbyggere, foreldre – og også homofile og lesbiske – som sier at nok er nok.

Skole og barnehage skal bygge på respekt for menneskeverdet, åndsfrihet, likeverd, kritisk tenkning og samarbeid med hjemmet.

De skal også vise respekt for den enkeltes overbevisning.

Time FrP mener derfor at Pride-markering med flagging på skolene utfordrer disse prinsippene.

Respekten for at homofile, lesbiske og andre skeive drukner i konflikter som skaper mer splittelse enn forståelse.

Av respekt for både kjærligheten og mangfoldet av meninger ønsker Time FrP derfor å fjerne punkt 4.3 b).

Endringsforslag frå **Anita Stokdal (Ap)**

4.3 På skulane flagges i tillegg:

b) med regnbogeflagg på same dag som det flaggast med regnbogeflagget på rådhuset

Tilleggsforslag frå **Bente H. Larsen (H)** Pkt 3.c)

Regnbogeflagget symboliserer mangfold og inkludering.

Forslaget frå Mette Monsen fekk 3 røyster og fallt (FrP, 2 Sp).

Forslaget frå Anita Stokdal fekk 2 røyster og fallt (Ap, V).

Tilleggsforslaget frå Bente H. Larsen vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (FrP).

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 7 mot 2 røyster (2 Sp).

ULE - 029/26 Vedtak:

Time kommunestyre godkjenner forslag til revidert «Flaggreglement for Time kommune» datert 18.05.2026 med tillegg i pkt 3 c): Regnbogeflagget symboliserer mangfold og inkludering.

030/26 : Endring av vedtekter Jæren Symfoniorkester

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Kommunestyret godkjenner endring av vedtektene for Jæren Symfoniorkester*
2. *Kommunestyret vel følgende representant til styre for inneverande kommunestyreperiode:*
3. *Utval for Levekår får delegert oppgåva med å velja Time kommune sin representant til styret for framtidige kommunestyreperiodar*

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 030/26 Vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner endring av vedtektene for Jæren Symfoniorkester*
2. *Kommunestyret vel følgende representant til styre for inneverande kommunestyreperiode:*

3. *Utval for Levekår får delegert oppgåva med å velja Time kommune sin representant til styret for framtidige kommunestyreperiodar*

031/26 : Felles kommunalt hjelpemiddellager på Tu

Kommunedirektøren si innstilling

1. *Kommunedirektøren får mandat til å greia ut forslag til vertskommuneavtale om drift av felles hjelpemiddellager på Tu med Klepp kommune som vertskommune.*
2. *Forslag til vertskommuneavtale skal leggjast fram for kommunestyret.*
3. *Målet med vertskommunesamarbeidet skal være å få ein meir effektiv og robust drift av kommunalt hjelpemiddellager.*

Senior- og Brukarrådet

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

SBR - 023/26 Vedtak:

1. *Kommunedirektøren får mandat til å greia ut forslag til vertskommuneavtale om drift av felles hjelpemiddellager på Tu med Klepp kommune som vertskommune.*
2. *Forslag til vertskommuneavtale skal leggjast fram for kommunestyret.*
3. *Målet med vertskommunesamarbeidet skal være å få ein meir effektiv og robust drift av kommunalt hjelpemiddellager.*

Utval for levekår

Forslag frå **Bente H. Larsen (H)** Endra pkt 1: Kommunedirektøren får mandat til å greia ut forslag til vertskommuneavtale om drift av felles hjelpemiddellager der Tu er ett av alternativa med Klepp kommune som vertskommune.

Punkt 1: Forslaget frå Bente H. Larsen vart samrøystes vedtatt.

Punkt 2 og 3: Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 031/26 Vedtak:

1. *Kommunedirektøren får mandat til å greia ut forslag til vertskommuneavtale om drift av felles hjelpemiddellager der Tu er eitt av alternativa med Klepp kommune som vertskommune.*

2. *Forslag til vertskommuneavtale skal leggjast fram for kommunestyret.*
3. *Målet med vertskommunesamarbeidet skal være å få ein meir effektiv og robust drift av kommunalt hjelpemiddellager.*

032/26 : Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Utval for levekår

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULE - 032/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Eventuelt:

Kjetil Hustoft (H) hadde sendt inn spørsmål i forkant av møtet om rentekompensasjon til læringsarenaer, utstyr og inventar.

Kommunalsjef Pamela Sudmann svarte på spørsmålet, utfyllende svar om den økonomiske biten vert gitt seinare.